

VEDTEKTER

VESTLANDSKAPPLEIKEN

Vedtekne på Vestlandskappleiken i Aurland, 12.10.1997
Revidert på leiarmøtet under Vestlandskappleiken 1999
Revidert på leiarmøtet under Vestlandskappleiken 2011
Revidert på leiarmøtet under Vestlandskappleiken 2013
Revidert på representantmøtet under Vestlandskappleiken 2024

INNLEIING

§ 01. Vestlandskappleiken er ein landsdelskappleik for fylka Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.

FØREMÅL

§ 02 Føremålet til Vestlandskappleiken er å vere ein sosial og musikalsk møtestad for deltakarar, andre utøvarar innan folkemusikk og –dans, samt andre interesserte. Gjennom ei slik samling søkjer ein å styrkje interessa for, kjennskapen til og kunnskapen om folkemusikken og -dansen i Vestlandsregionen.

TILSKIPING

§ 03 Områdelaga Hordaland Folkemusikklag og Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal i samarbeid med lokal tilskipar syte for at Vestlandskappleiken blir arrangert årleg.

§ 04 Vestlandskappleiken skal arrangerast anna kvart år innafor områdelaget Sogn og Fjordane folkemusikklag og Hordaland folkemusikklag. Det ansvarlege områdelaget fastset dato i samarbeid med lokal arrangør. Det ansvarlege områdelaget kan spørja lokallag i Møre og Romsdal og Rogaland om å vera lokal arrangør.

§ 05 Ansvarleg områdelag skal ha tilsyn med opplegg for og gjennomføring av Vestlandskappleiken, gje råd, og ta avgjerd i eventuelle tvistesaker.

§ 06 Styret i det ansvarlege områdelaget skal ha fritt tilgjenge på alle arrangement i regi av Vestlandskappleiken.

§ 07 Ansvarleg områdelag skal tilby lokal arrangør ein pakke som inneheld gjeldande vedtekter, dommarskjema, «kappleikskokebok», logo, rapportmal, heimeside for VK, og rapport frå VK dei siste åra.

ØKONOMI OG RAPPORTERING

§ 08 Overskott/underskott skal delast slik: 10% til ansvarleg områdelag, 90% til lokal arrangør.

§ 09 Det skal vere eit rimeleg forhold mellom deltakaravgift og premiering, og lokal tilskipar skal følge FolkOrg sine gjeldande retningslinjer.

§ 10 Deltakarbilletten skal gje fritt tilgjenge til alle tevlingar og dansearrangement under Vestlandskappleiken. Dette gjeld alle deltakarar.

§ 11 Enkeltutøvarar, grupper og lag kan ikkje krevje økonomisk godtgjersle for dansespel.

§ 12 Lokal arrangør skal sende rapport og rekneskap til ansvarleg områdelag seinast 2 månader etter gjennomføring av Vestlandskappleiken. Rapporten skal følgje mal utarbeidd av områdelaga.

TEVLING

§ 13 På Vestlandskappleiken skal det tevlast i følgjande tevlingsgreiner og klasseinndelingar:

Tevlingsgrein/disiplin	Tal	Klassedeling	Musikk-krav
Spel fele og hardingfele	Solo	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Spel eldre folkemusikkinstrument	Solo	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Vokal	Solo	Junior og senior	
Durspel	Solo	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Gruppespel	2-4 utøvarar på same instrument	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Lagspel fele/hardingfele	Min. 5 utøvarar, berande instrument fele, h.fele , eller andre folkemusikk-instrument	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Lagspel durspel/trekkspel	Min. 5 utøvarar, berande instrument durspel/trekkspel	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Pardans, fele og hardingfele	Pardans	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Halling	Solo		
Lagdans	5-10 par	Junior og senior	Bygdedans og/eller runddans.
Open klasse			

PRESISERINGAR

Både i spel og dans kan deltakarane fritt velje musikk- og dansetype. Det er maks to startnummer pr. solodeltakar/par/gruppe/lag. Dette gjeld innan kvar tevlingsgrein. Ut over dette, føl Vestlandskappleiken FolkOrg sitt tevlingsreglement.

§ 14 Lokallag som ønskjer det, kan søkja ansvarleg områdelag om endring i tevlingsgreiner og klasseinndeling, innafør dei rammene som gjeld i desse vedtektene, jfr. FolkOrg sine retningslinjer og «Presiseringar» i oversikta for tevlingsgreiner og klasseinndelingar.

§ 15 Alle deltakarar på Vestlandskappleiken skal vere medlem i FolkOrg.

DØMMING

§ 16 Områdelaga har ansvar for å finna sakkunnige fagdommarar. Det skal vera tre sakkunnige dommarar i kvar tevlingsgrein (spel,song,dans). Kvar dommar kan dekkja fleire tevlingsgreiner. Ansvarleg områdelag finn 2/3 av dommarane, det andre områdelaget 1/3.

§ 17 Dommargjerninga er å sjå som eit tillitsverv og blir ikkje godtgjort økonomisk. Lokal tilskipar skal dekkje reise og opphaldsutgifter i samsvar gjeldande satsar i Statens reiseregulativ.

PREMIERING

§ 18 Premiering skal skje i samsvar gjeldande kappleiksføresegner i FolkOrg.

§ 19 Deltakarpremie skal ikkje vere diplom.

REPRESENTANTMØTE

§ 20 I samband med Vestlandskappleiken skal det skipast til eit representantmøte for alle medlemslaga. Det skal sendast innbyding til områdelaga i alle tre fylka på Vestlandet. Er det ikkje områdelag skal det sendast til lokallaga i fylket

§ 21 Ansvarleg områdelag syt for innkalling og gjennomføring av representantmøtet.

§ 22 Alle medlemslaga i områdelaga har møte- og talerett. Kwart medlemslag og områdelag har rett på ein (1) utsending med framlegg- og røysterett.

§ 23 Det skal førast protokoll frå representantmøtet.

§ 24 Ansvarleg områdelag har ansvar for at møteprotokollen blir send til FolkOrg, områdelaga og dei lokale medlemslaga.

UNNTAK FRÅ VEDTEKTER

§ 25 Lokal arrangør som ønskjer å gjere unntak frå desse vedtektene, må søkje ansvarleg områdelag.

§ 26 Endring av vedtektene kan gjerast av representantmøtet med vanleg (simpelt) fleirtal, såframt minst 1/3 av lokallaga i både Sogn og Fjordane folkemusikklag og Hordaland folkemusikklag er representerte. Ved lågare frammøte skal endringane takast oppatt på neste representantmøte, og blir då avgjort med vanleg fleirtal med dei som er frammøtt og har stemmerett.